

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 13.11.2019

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av S, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylle desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å oppmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.
2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.
3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensing i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.
5. Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å gje norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unntak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk. Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.
6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.
7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillating enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.»

Avrøysting

Fylkesordførar la innstilling frå hovudutval for kultur, idrett og integrering til grunn.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røystar (Frp) og fall.

Dale sitt forslag punkt 1-4 og 6-7 fekk 15 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB, H) og vart vedteke.

Innstilling punkt 5 fekk inga røyster og fall.

Dale sitt forslag punkt 5 fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 1-4 og 6-7 vart ikkje røysta over.

Vedtak

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem ny lov om integrering, med eit heilskapleg og langsiktig fokus på fleire felt. Fylkesutvalet er positive til at fylkeskommunen får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet, men understrekar viktigheita av det også vert overført tilstrekkeleg med midlar til å oppfylla desse oppgåvene på ein god måte. Fylkeskommunen vil samstundes knytta nokre kommentarar til følgjande område:

1. Når det gjeld §5 om fylkeskommunen sitt ansvar ynskjer Vestland fylkeskommune primært at fylkeskommunen også får rolla med å oppmode. Når det gjeld karriererettleiing føreset fylkesutvalet at denne er i tråd med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Føremålet med Karriererettleiinga er å setja deltakare i stand til å gjera kvalifiserte karriereval. Fylkesutvalet finn det problematisk at karriererettleiinga, slik det går fram av høyringsnotatet, skal gje eit tilråding om arbeid eller utdanning for den einskilde.
2. Når det gjeld §12 om karriererettleiing vil Vestland fylkeskommune stilla spørsmål ved om dei økonomiske konsekvensane av endringane er godt nok utgreidd.
3. Fylkeskommunen er positiv til at slutt mål skal gje deltakar formelle kvalifiseringar, men vil peika på utfordringar knytt til tidsavgrensing i §16 om programmet si varigheit. Ein må også sikra at det er samsvar mellom lov om integrering og opplæringslova.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er uklårt korleis fyrste del av §16 om programmets varighet skal tolkast. Dersom det er ungdom som har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, er introduksjonsprogrammet på tre til seks månader tilstrekkeleg til å bli kvalifisert for høgare utdanning. Dersom §16 gjeld deltakarar som ikkje har godkjent vidaregåande opplæring i Norge, vil ei tidsavgrensing på tre til seks månader i introduksjonsprogrammet ikkje vere tilstrekkeleg.
5. Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å gje norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unnatak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk. Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.
6. Vestland fylkeskommune vil peika på at talet på norsktimar til asylsøkjjarar vart redusert frå 250 til 175 i 2016. Av omsyn til inkludering meiner Vestland fylkeskommune at dette timetalet bør aukast.

7. Vestland fylkeskommune vil peika på at det i våre nordisk naboland er lettare for asylsøkjjarar å få mellombels arbeidstillating enn det er i Noreg. Vestland fylkeskommune meiner at dette også bør verta enklare i Noreg, noko som ikkje er drøfta i departementet sitt høyringsnotat. Ei slik ordning vil motverka passivitet på mottak, som er skadeleg, eit hinder for integrering og å sløsa med ressursar.